

## Møtereferat

Dato: 13.10.2014

Emne:	<b>Møte i arbeidsgruppa for bompengesøknad for Sotrasambandet 9.10.2014</b>	
Til stades:	Marit Sørstrøm (Bergen kommune), Willy Sørensen (Fjell kommune), Siri Fahlvik – Pettersen (Øygarden kommune), Liv Margareth Østervold (Sund kommune), Gerhard Inge Storebø (Sund kommune), Helge Hopen (konsulent), Helge Sandvik (Statens vegvesen), Magnus Natås (Statens vegvesen), Kristian Bauge (Statens vegvesen), Thorbjørn Aarethun (HFK), Bjørn Inge Midtgård (HFK)	
Forfall:	Anne Iren Fagerbakke (Bergen kommune)	Sak: 2014/1015-9
Møtetid:	12.00 – 14.00	Møtestad: Fylkeshuset, møterom 826

**Møteleiar: Thorbjørn Aarethun**

**Referent: Bjørn Inge Midtgård**

### Kontaktutvalet

Kontaktutvalet hadde møte 17.6.2014 og gav i all hovudsak tilslutnad til innhaldet i dei fire notata som vart presenterte. Thorbjørn Aarethun orienterte om at det vert møte i Kontaktutvalet for Sotrasambandet 6.11.2014. Møteinnkalling er sendt ut.

### Obs OPS

I forslag til statsbudsjett for 2015 står det at «*Prosjektet planlegges for gjennomføring som OPS-prosjekt*». Vidare står det at: «*En sentral forutsetning fra regjeringen vil være at beslutningen om å gjennomføre utbyggingene gjennom OPS ikke skal føre til at prosjektene blir åpnet for trafikk på et seinere tidspunkt enn ved tradisjonell prosjektgjennomføring.* »

OPS er hittil nytta i 3 vegprosjekt her i landet: E39 Klett - Bårdshaug (Sør-Trøndelag), E39 Lyngdal-Flekkefjord (Vest-Agder) og E18 Grimstad-Kristiansand (Aust-Agder og Vest-Agder). Ei OPS organisering skal ikkje ha noko å seia for prosessen med å fremja ein bompengesøknad. Bompengeselskapet skal i driftsfasen levera ein inntektsstraum frå bompenggeinnkrevinga til disposisjon for OPS selskapet.

I utgangspunktet skal også planprosessane gå som vanleg. Tanken med OPS organiseringa er ofte å framskunda tida etter planprosessens- prosjekteringa og byggetida. Marit Sørstrøm viste til dei nye statlege planretningslinjene der det står at «*For å fremme raskere og mer effektive planprosesser for viktige samferdselstiltak bør statlige planvirkemidler vurderes. For særskilt prioriterte samferdselsprosjekter skal statlig plan vurderes.*» Truleg er planprossane rundt Sotrasambandet kome så langt og er i så godt gjenge at framdrifta i planprosessens ikkje vil kunna framskundast ved å nytta statleg plan.

Helge Sandvik sjekkar ut OPS planane med Kjersti Billehaug mfl. i Vegdirektoratet - og lagar eit notat om OPS for Sotrasambandet til møtet i kontaktutvalet 6. november. Det kan også vera aktuelt at nokon frå Vegdirektoratet orienterer Kontaktutvalet om OPS for Sotrasambandet i møtet 6. november.

### Planstatus

Magnus Natås orienterte om status for reguleringsplanarbeidet. Reguleringsplanen er under utarbeiding og skal sendast på høyring tidleg i 2015. Statens vegvesen har sendt ein fråvikssøknad til Vegdirektoratet for å

kunna etablera midtstilte eller sidestilte kollektivfelt på vegen. SVV reknar med å få svar på søknaden i slutten av oktober. Fråvikssøknaden hindrar ikkje framdrifta i reguleringsplanarbeidet.

Men eit forhold som kan seinka planprosessen, er knytt til finansieringa av omlegginga av høgspenkabelen i området. Det har vore vanleg at kraftselskap forskotterer slik kabelomlegging. Dette er ei konsesjonssak, og slike saker tek tid. Det er ikkje mogleg å få lagt om kabelen før hausten 2017.

Arbeidet med å utgreia Storevatnet terminal er i gang. I reguleringsplanen vert det sett av eit området i tilfelle dette vert den varige løysinga for terminalen i området. Marit Sørstøm opplyste om at kommunedelplan for Sotrasambandet – parsellen Storavatnet – Liavatnet no er på veg frå administrasjonen i Bergen kommune til Byrådet for vidare handsaming.

Magnus Natås viste til at fylkesutvalet tilrår at den nye Sotrabrua blir dimensjonert for bybane, medan Bergen kommune ikkje har gjeve høyringssvar enno. Statens vegvesen legg opp til å fremja ein reguleringsplan der brua ikkje vert dimensjonert for Bybane.

### **Prinsippsak om bomepengefinansiering**

Helge Hopen jobbar vidare med takstopplegg og plassering av bompengestasjonane. Sotrasambandet, avgrensa til fastlandssambandet, er i Statens Vegvesen sitt Handlingsprogram 2014-2017 (2023) lagt inn med ein bompengandelen på 72%. Er det denne bompengandelen som bør legjast til grunn i det vidare arbeidet? Etatane sitt planforslag til NTP 2017 - 2027 ligg føre 29.2. 2016 og fylkestinget gjev sannsynlegvis uttale til NTP forslaget i midten av juni 2016. Kan ein rekna med at bompengandelen ligg fast? I prinsippnotatet bør ein rekna med at bompengandelen vert som føreset i gjeldande NTP, meiner arbeidsgruppa.

Det er administrasjonane som fremjer prinsippsa, ikkje kontaktutvalet. Fylkesrådmannen kan ta på seg ei administrativ samordningsrolle for å fremja prinsippsa. Ein aktuell framgangsmåte for å fremja prinsippsa:

1. Arbeidsgruppa utarbeider eit prinsippnotat om bompengesøknad med forslag til vedtak for lokalpolitisk handsaming.
2. Kontaktutvalet gjev tilslutnad til å oversenda prinsippnotat om bompengesøknad med forslag til vedtak for lokalpolitisk handsaming.
3. Fylkesrådmannen sender prinsippnotat om bompengesøknad med forslag til vedtak til kommunane.
4. Kommunane utarbeider saksframlegg.
5. Prinsippsak i Fjell, Sund, Øygarden, Askøy og Bergen.
6. Prinsippsak i HFK.

Ein tek sikte på at prinsippsa om bompengar og reguleringsplanen kan handsamast samstundes i kommunane.

### **Forslag til dagsorden - møte i kontaktutvalet 6.november**

- 1) Godkjenning av møtereferat frå 17.6
- 2) OPS for Sotrasambandet
- 3) Planstatus - gjennomføringsstrategiar/kritiske faktorar
- 4) Bompengepplegget – prinsippnotat/framdriftsplan

Helge Sandvik har ansvar/oppgåver i høve til pkt. 2

Magnus Natås har ansvar/oppgåver i høve til pkt. 3

Helge Hopen har ansvar/oppgåver i høve til pkt.4.